



Asgeir Skurtveit  
Skurtveitvegen 61  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/315 - 17/2832

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
13.02.2017

## Godkjenning - arealoverføring mellom GBNR 48/6 og 48/14 Skurtveit

### Administrativt vedtak. Saknr: 47/2017

**Tiltakshavar :** Asgeir Skurtveit – Christine Skurtveit  
**Søknadstype :** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m.

### Saksutgreiing:

Det ligg føre søknad frå Asgeir Skurtveit og Christine Skurtveit om overføring av eit areal på 200 m<sup>2</sup> frå eigedomen gbnr 48/6 til gbnr 48/14, jf pbl § 20-1 bokstav m.

Gbnr 48/6 er matrikkelført med eit areal på om lag 337 daa og Asgeir Skurtveit står som heimelshavar. Det er søkt om frådelling av eit areal på 200 m<sup>2</sup> som skal leggjast til gbnr 48/14.

Det vert vist til søknad journalført motteke 02.02.2017.

### Vurdering:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla og naboar har samtykka til tiltaket. Nabovarsling er tilstrekkelig jf. Pbl § 21-3.

#### Lov- og plangrunnlag:

Det omsøkte arealet er satt av til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen.

Føresegn 3.1.2 til arealdelen til kommuneplanen legg til grunn følgjande for LNF-område:

*«For eksisterande bebyggd eigedom for bustad eller fritidsbustad kan det gjevast løyve til arealoverføring eller tilleggsaral opp til 200m<sup>2</sup> (samla) etter pbl § 20-1 m, dersom LNF-omsyn ikkje blir sett til sides, jf pbl § 11-11 nr 2».* Ettersom arealet det er søkt arealoverføring for allereie er i bruk som hage (uendra bruk) og LNF-omsyn etter ei konkret vurdering ikkje vil bli sett til sides, finn administrasjonen at det kan gjevast

løyve til det omsøkte tiltaket i samsvar med føresegn 3.1.2 til arealdelen av kommuneplanen. Det er difor ikkje nausynt å søkje om dispensasjon for arealoverføringa.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-4, jf §§ 20-2 og 20-1 bokstav m, løyve til overføring av eit areal på 200 m<sup>2</sup> frå gbnr 48/6 til gbnr 48/14 i samsvar med søknad og vedlagte situasjonskart journalfør motteke 02.02.2017.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9»

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Kart

### Mottakere:

Asgeir Skurtveit, Christine Skurtveit Skurtveitvegen 61 5917  
Christine Skurtveit Skurtveitvegen 55 5917

ROSSLAND  
ROSSLAND